

LOVER OG FORSKRIFTER

Helsestasjonen jobbar ut i frå kommunehelsetenestelova og forskrifter:

§ 2-1 - plikt til å yte helsehjelp

§ 2-2 – barn har rett til nødvendig helsehjelp og helsekontroll. Foreldre pliktar til å medverka til at barnet deltek i helsekontrollar.

Tilsette ved helsestasjonen har teieplikt etter helsepersonellova.

HELSESTASJONEN I ÅRDAL

Adresser og telefonnummer:

Øvre Årdal Helsehuset, 2.etg, Jotunvegen 4

Postadresse: Helsestasjonen , Årdal kommune

Statsråd Evensens veg 4

6885 Årdalstangen

Tel 57 66 50 20

Skulehelsetenesta (*Dagar til stades i parentes*)

Tangen skule (M+T+F) Tel 46 93 66 31

Farnes skule, barnesteg (M +T+O+T) Tel 48 89 49 02

Farnes skule, ungdomssteg (M+F) Tel 94 13 80 67

Årdal vidaregåande skule (T+O+T) Tel 95 22 20 51



VELKOMMEN TIL HELSESTASJONEN I ÅRDAL



HELSESTASJONEN SITT MÅL ER Å:

- Fremja psykisk og fysisk helse
- Fremja gode sosiale og miljømessige forhold
- Forebygga sjukdom og skade

Helsestasjonen tilbyr tenester til barn og unge mellom 0-20 år med foreldre og føresette. På helsestasjonen møter du helsesjukepleiar (sjukepleiar med vidareutdanning) og lege, som samarbeider tett med tannhelseteneste, fysioterapi, ergoterapi, barnehage, skule, barnevern, PPT, BUP og andre.

DESSE TILBODA LIGG TIL HELSESTASJONSTENESTA:

Jordmor: Har eiga brosjyre om tilbod. Tlf 950 70 134.

Helsestasjonen: Tilbod til alle barnefamiliar der ein får rettleiing frå helsesjukepleiar, lege og fysioterapeut. Helsestasjonen tilbyr heimebesøk til alle nyfødde. Me tilbyr vaksiner, rettleiing til foreldre og tek opp aktuelle tema ved ulike alderstrinn. Helsestasjonen føl barnet si utvikling i høve vekst, motorikk, syn, høyrsel, språk og forståing mm. Lege tilviser til andre instansar ved behov.

Skulehelsetenesta: Våren før skulestart vert alle kalla inn til skulestartundersøking med helsesjukepleiar og lege. Fysioterapeut kontrollerer motorikk i grupper etter skulestart. Ved skulestart får alle informasjon om skulehelsetenesta. Helsesjukepleiar har faste kontordagar ved alle skular.

Helsestasjon for ungdom: Ope på helsestasjonen tysdagar kl 12- 15.30. Ingen timebestilling. Gratis tilbod. Helsesjukepleiar til stades på kontoret, kan få time til lege. Råd og rettleiing i høve prevensjon, kosthald, fysisk-/ psykisk-/ seksuell helse, graviditet mm.

Smittevern: Helsestasjonen har oppgåver mht tuberkulosekontroll og førebygging i høve smittsame sjukdomar.

Reisevaksinering: Me tilbyr vaksinering og rettleiing til dei som skal reise utanlands. *Bestill time i god tid før avreise!!* Prislister på kommunen sine heimesider.

FASTE KONTROLLAR 0-5 ÅR

Alder	
Heimebesøk	Vekt, utdeling av informasjon
4 veker	«I trygge hender», rusforebygging, evt vekt
6 veker	Vekt, Lengde, Hovudomkrets (VLH), Vaksine, Lege
1-2 månader	Barseltreff med jordmor
3 månader	VLH, Vaksiner
4-6 månader	Barseltreff med fysioterapeut
4 månader	VLH, Individuell undersøking hjå fysioterapeut
5 månader	VLH, Vaksiner
6 månader	VLH, Lege
8 månader	VLH, Syn og høyrsel
6-8 månader	Barseltreff med tannpleiar
10 månader	VLH, Fin- og grovmotorikk
12 månader	VLH, Vaksiner, Lege
15 månader	VL, Vaksine
18 månader	VL,
2 år	VL, Lege, Språk
4 år	VL, Syn, Høyrsel, Språk, Motorikk,

Ved alle kontrollar vert det høve til å ta opp individuelle spørsmål. Aktuelle tema på alle kontrollar er utvikling, ernæring, søvn, samspel, tilknytning, motorikk, språk, aktivitet og foreldrefungering.

Skulehelsetenesta har ei eiga brosjyre med oversikt over faste kontrollar/ vaksiner/ tilgjenge.